



KUNNSKAPSDEPARTEMENTET

0032 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Aase Bruntveit Njøs, 5764 3106

Høyrings svar frå Fylkesmannen i Vestland

Forskriftsfesting av retningslinjer for tilskotsordning - lokal kompetanseutvikling

Fylkesmannen i Vestland viser til oversending av forslag til forskriftsfesting av retningslinjer for tilskotsordning for lokal kompetanseutvikling, datert 17. august 2020, med høyringsfrist 21. november 2020.

Fylkesmannen i Vestland er generelt positiv til å forskriftsfeste retningslinjer for tilskotsordninga. Dette kan bidra til tydeleggjering av ansvar, roller og rammer for korleis ordninga skal forvaltast. Samstundes meiner vi det er avgjerande at sjølve forvaltninga av ordninga ikkje har ei innretning som er rigid, men som klargjer og legg til rette for at dette er ei ordning som er under utvikling i eit sidestilt samarbeid mellom eigarar og UH-institusjonar.

Del 1 – Tilskotsordningas innretning

1.1 Mål

I dagens regionale og desentraliserte ordningar er det presisert at det skal vere lokale UH-institusjonar som skal nyttast i partnaraskap med barnehagar og skular. Fylkesmannen vurderer at det i skildringa av mål for tilskotsordninga ikkje kjem klart fram om det framleis skal vere dei lokale UH-institusjonar som skal involverast. Fram til no har det vore ei føring for ordninga at det skal vere lokal UH (det vil seie dei UH-institusjonane innanfor fylket sine grenser) som er primær kompetansepartner for barnehageeigar og skuleeigar i utviklingsarbeidet. I møte med Utdanningsdirektoratet 20. og 21. oktober kom det fram at barnehageeigar og skuleeigar fritt skal kunne velje UH-partnar, og at kriteria om lokal UH fell bort. Slik vi ser det, bryt dette med intensjonen og premissa i ordninga om å også styrke barnehage- og grunnskulelæruddanninga i heile landet. Samarbeidet mellom lokal UH- sektor og barnehage/skule har vore viktig i styrkinga av barnehage- og grunnskulelæruddanninga og å kunne bidra til meir ei meir praksisretta utdanning lokalt. Departementet bør tydeleggjera dette i større grad.

3.1.Tilskotsmottakar

Departementet skriv at «Universiteter og høyskolers andel av tilskuddsmidlene skal være minimum 50 prosent». I den regionale ordninga for kompetanseutvikling i barnehage er det i dag presisert at



inntil 30 % av midlane kan nyttast til andre kompetanseutviklingstiltak enn dei barnehagebaserte tiltaka. Etter vår tolking skal fordelinga være 50/50 av dei midlane som går til barnehagebasert kompetanseutvikling, uavhengig av om samarbeidsforum vel å trekkje ut opp til 30% til andre tiltak. Departementet bør her bør presisere om det i den nye tilskotsordninga kan vere 50/50 av heile tilskotet, eller om det er 50/50 av ein andel (då minimum 70 % av tilskotet). Fylkesmannen meiner det må vera rom for ei tilsvarande fordeling slik det er i dag. Vi meiner også at departementet bør tydeleggjere kva dei barnehagebaserte midlane kan nyttast til, både for UH- sektoren og barnehagane.

3.2. Samarbeidsforumets samansetting

Departementet skriv at «Samarbeidsforum skal inkludere representanter for offentlige og private barnehage- og skoleeiere, kommunen som lokal barnehagemyndighet, universitet og høyskole med geografisk tilknytning til regionen, KS og lærerorganisasjonene. (...) Representanter for PBL, Fagforbundet og eventuelt andre aktører kan delta».

Fylkesmannen tolkar ordlyden slik at det er uklårt om interesseorganisasjonar, som PBL, kan representere dei private barnehageeigarar i samarbeidsforumet, eller om det er nødvendig å velje ut spesifikke private eigarar. Fylkesmannen meiner her at samarbeidsforumet-/ foruma bør ha handlingsrom til sjølv å utnemna ein representant frå offentlege og private barnehage- og skuleeigarar. PBL, Fagforbundet og andre aktørar bør likestillast med KS og lærerorganisasjonane i retten til å representere sin sektor og sine medlemmar i samarbeidsforum.

3.3. Kriterier for tildeling av tilskotsmidlar

Fylkesmannen meiner at andre deloverskrift «Midlene skal brukes til barnehage- og skolebasert kompetanseutvikling» bør komme som det første kriteriet (og følgeleg første deloverskrift). Deretter bør kriteriet definert som «kompetanseutviklingstiltak er forankret i lokalt definerte behov» komme som andre kriteriet. Under dette kriteriet bør ein først stadfeste forankringa av lokale analysar, før ein skriv kva behova for kompetanseutvikling skal basere seg på (kulepunkta bør byte plass). Videre bør departementet tydeleggjere at det er eigar som har ansvar for kompetansen og kompetanseutviklinga, og at det er dette som utgjer eit utgangspunkt for analysearbeid. Videre bør departementet presisere at UH skal koplast på arbeidet først når eigar har meldt inn kompetansebehov, og at UH då deltek i ei drøfting som inkluderer innretning av vidare utviklingsarbeid.

Vi vurderer her at det er behov for å klargjere kven som skal følgje opp UH-institusjonane når det gjeld målet om å vidareutvikle lærarutdanningane og om dette kan vere eit kjenneteikn på måloppnåing. Vi stiller spørsmål ved om departementet har ei forventning om at Fylkesmennene skal kontrollere og rapportere om interne tilhøve ved UH-institusjonane og korleis ein skal måle slik kvalitetsutvikling i ei årleg rapportering. Fylkesmannen meiner det er behov for eit tydelegare skilje mellom måloppnåing og vilkår for ordninga. Dersom kjenneteikn på måloppnåing skal vere eit vilkår, må det tydeleggjerast i retningslinjene.

Fylkesmannen vurderer det og som viktig at departementet tydeleggjer kva for rolle STATPED skal ha i partnerskapet mellom UH og praksisfeltet. Vi vurderer det som føremålstenleg at det er lokal UH-institusjon som vurderer når det er behov for å involvera STATPED, og at deira bidrag går gjennom lokal UH og ut til sektor, på lik linje med andre kompetansetiljø.



3.4. Fristar

Departementet har sett fristar for samarbeidsforumet si innstilling, og for når tilskotet skal fordelast til tilskotsmottakarane (hhv 15. mars og 15. april). For at samarbeidsforum og Fylkesmannen skal kunne etterleve desse fristane må vi få tidleg informasjon om dei budsjettmessige rammene for ordninga. Departementet skriv at «samarbeidsforumet kan bli enige med Fylkesmannen om tidlige frister.». Fylkesmannen vurderer at samarbeidsforum i staden bør kunne setje andre fristar. Det vil gje større fleksibilitet i forvaltninga, og rom for grundige prosessar og tilpassingar.

Del 2 – Forvaltning og saksbehandling av ordninga

5. Ansvar for å forvalte tilskotsordninga

Departementet foreslår at Fylkesmannen skal «fatte vedtak og tildele midler til tildkuddsmottakere med utgangspunkt i samarbeidsforumets innstilling og i tråd med tildelingskriteriene (..). Fylkesmannen vurderer vedtaksomgrepet her som forvaltningsmessig utfordrande, mellom anna med tanke på korleis ein skal rekna samarbeidsforumet som eit rettssubjekt, og korleis klageretten skal praktiserast. Etter vårt syn er heller ikkje departementet konsekvente omgrepsbruken her. Andre stader i retningslinjene bruker departementet omgrepet «beslutning» eller «avgjørelse», noko som har ein anna tyding i rettsleg forstand. Det er viktig at departementet klargjer kven som har rettsleg klageinteresse. Forslaget, slik det no ligg føre, kan få store konsekvensar for praktiseringa av tilskotsforvaltninga, og det er difor viktig med fleire presiseringar.

7.1. Vurdering av behov og planlegging av tiltak

Departementet skriv at «Samarbeidsforumet skal levere en omforent innstilling til Fylkesmannen.» (vår utheving). Fylkesmannen stiller spørsmål ved kva som skjer om samarbeidsforumet ikkje vert einige om ei innstilling eller om innstillinga ikkje er omforent? Vi vil her og vise til at Fylkesmannen, i tråd med departementet sitt forslag, skal ha ein sekretariatsfunksjon for samarbeidsforuma (et).

7.4. Avslag

Departementet skriv at «Fylkesmannen kan avslå hele eller deler av innstillingen dersom den ikke oppfyller tildelingskriteriene». Vi vil her vise til at vi, i tråd med forslaget til retningslinjer, vil ha ein sekretariatsfunksjon for samarbeidsforum. Vi meiner at departementet bør presisere korleis vi skal forvalte denne dobbeltrolla ved å både vere sekretariat og vedtaksmyndigheit for same organ. Vi stiller spørsmål ved om det vil vere ei god praktisering av ordninga at Fylkesmannen som sekretariat skal levere ein innstilling til oss sjøve, som vi deretter kan avslå. Korleis vil dette påverke rolla som sekretariat? Vi ber om at denne dobbeltrolla vert klargjort i retningslinjene.

7.5. Klageadgang

Departementet skriv at «samarbeidsforumet kan påklage Fylkesmannens beslutning om avslag. Utdanningsdirektoratet er klageinstans.». Igjen stiller vi spørsmål om kven som skal ha rettsleg klageinteresse, og korleis denne klageretten skal praktiserast. Vi ber om ei tydeleggjering av regelverket rundt dette.

Konklusjon

Slik forslaget til retningslinjer er formulert, gir retningslinjene ikkje tilstrekkeleg rom for tilpassing, og dei sikrar ikkje ei tydeleg og god ansvars- og rollefordeling mellom aktørane. På bakgrunn av dette vurderer Fylkesmannen i Vestland at det er behov for fleire presiseringar og klargjeringar av dei presenterte retningslinjene. Dette for å sikre ei felles forståing og lik praktisering av regelverket. Det er og viktig med tanke på å sikre ein god forvaltning av ordninga der ein kan gjere lokale tilpassingar, i tråd med intensjonen.



Med helsing

Mats Petter Sydengen
seksjonsleiar

Aase Bruntveit Njøs
Rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent